

Hva sier? studentene

Geiloseminaret 2025:

Faglig og sosialt seminar for tannlege- og tannpleiestudenter i Norge

✍ **MARIA KVAMME, STYREMEDLEM I NTF STUDENT**

160 forventningsfulle tannlege- og tannpleiestudenter samlet seg på Geilo Hotel ein helg i januar, for ein sosial og fagleg opplevelse. Arrangementet var utsolgt, hotellet fullt, og stemninga på topp. I år var det Emine, Sada, Ole, Navalan, Camilla og eg som stod på stand. Det var utruleg kjekt å møte både eksisterende medlemmer og rekruttere nye ansikt. Våre NTF-pins viste seg spesielt populære, og vi delte ut mengde av merch med stor suksess.

Programmet var tettpakket både fredag og lørdag, noko som gjorde helga lærerik for alle. Med studenter frå første til femte kull var det ein utfordring å treffe et så bredt publikum, men komiteen klarte å finne tema og foredrag som appellerte. Årets tema, *Kjærlighet for faget – tannen i mitt liv*, blei godt mottatt.

Fredagen var det foredrag med Cecilie Gjerde og Siv Kvinnsland. Siv Kvinnsland gav oss verdifull innsikt i smertelindring, mens Cecilie Gjerde forberedte oss på akutte situasjoner i tannlegestolen – ein nyttig påminnelse om kor viktig det er å vere førebudd.

Vi i styret var så heldig å få opne lørdagens program med presentasjon om kva NTF Student er, og vårt arbeid for studentene. Seinare på dagen holdt Torgils Læg Reid og Sigbjørn Løes foredrag om deira felles kjærleik for odontologifaget og spesielt rettsodontologi. Her fortalde dei om reisa til Thailand etter tsunamien i 2004, og studentene fekk innblikk i tannlegen sin viktige rolle i identifikasjonsarbeid. Mange av studentene syntest det var interessant å sjå ulike sider av tannlegeyrket og kva moglegheiter som ligg der ute.

Kvelden avsluttes med galla i hotellet sin restaurant, før slitne, men fornøyde deltakere satte kursen heimover søndag.

Takk til Geilokomiteen 2025 for ein flott helg som samler studentene på tvers av studiebyene Bergen, Tromsø og Oslo. Vi snakkes neste år!



NTF Student sto på stand på Geilo. Foto: privat.